# Meir himmel over ei sårbar jord

**I skrivande stund er eg på Kyrkjemøtet, Den norske Kyrkja sitt landsmøte. Det er ikkje noko hastverksarbeid. Møtet i år varer i seks dagar, som det plar. Fem netter heimanfrå og skjerpa hovud frå torsdag til tysdag, det krev si kvinne.**



PÅ ONSDAG

**ODDNY MILJETEIG**
Vara til bystyret, nestleiar i Bjørgvin bispedømeråd, medlem i Mellomkyrkjeleg Råd og fast spaltist i BA.

Eg har ikkje dei kreftene eg ein gong hadde, så eg har gått på iskaldt vatn og kaffi med mjølk for å vera med på leiken. I det eg sit og skriv, er Kyrkjemøtet inne i sine siste timar i 2021. Så er det på an igjen til neste år. Kyrkja har landsmøte ein gong i året, og det er dei same deltakarane i fire år på rad. Mykje godt. I alle fall vi som kjem frå bispedømeråda. Vi er valde for ein kommunestyreperiode om gongen.

■ I ein alder av 67 er eg novise i kyrkjepolitisk samanheng. Sidan dette er mitt andre kyrkjemøte, kan eg ikkje heilt seia at eg er nybegynnar. I ein alder av 67 er ein kanskje ikkje nybegynnar på noko, men eg er, og kjenner meg slik, likevel. Det er ei vedunderleg kjensle,bortsett frå at eg innimellom kjenner på nervøsitet for å gå på talarstolen – og den kjensla har eg knapt kjent slik på fleire tiår…

■ Kyrkjepolitikk er ikkje partipolitikk. Faktisk ikkje. Sjølvsagt stiller vi i kyrkjepolitikken som heile menneske med våre verdigrunnlag, men Kyrkja har eit vidt og vakkert verdigrunnlag tufta på Bibelen – og det er større og høgare enn alle andre verdigrunnlag. Eg trur det går an å seia det slik. Uttrykket «å kvelva ein himmel over» er eit uttrykk til å vera audmjuk overfor, og litt ekstra audmjuk i kyrkja, kjenner eg.

■ «Meir himmel på jord» er den fremste visjonen som Den norske Kyrkja har formulert for arbeidet sitt. «Meir himmel på ei truga jord» er overskrifta på arbeidet som kyrkja skal gjera når det gjeld Skaparverket, som eg tillet meg å skriva med stor førebokstav i denne spalta.

■ Menneskes handlingar trugar livet på jorda. Kyrkja er kalla til omsut for alt det skapte. Vi plar seia at menneska har eit forvaltaransvar. Eg tenkjer at det er eit umåteleg stort ansvar som ein med full rett kan spørja om vi er kapable til. Klimatoppmøtet i Glasgow nyleg gjorde ikkje uroa mindre. Her på Kyrkjemøtet har unge sagt at dei er i ferd med å missa vona. I det skil dei seg ikkje frå unge elles. Det er sanneleg oss vaksengenerasjonane sitt ansvar å motivera til håp – sjølv om vi i tiår har oppført oss slik at det kan vera vanskeleg for unge å ha håp. «Klimasorg» er eit nytt omgrep i ordforrådet vårt.

■ Vi ikkje berre har forvaltaransvar for Skaparverket. Vi menneske er ein del av Skaparverket, sa biskop Ingeborg Midttømme i debatten. Vi må styrkja det teologiske medvitet om samanhengen mellom trua på Den treeinige Gud og klima, miljø og berekraft. Vi må etterleva vårt gudegjevne kall, vårt forvaltar- og medarbeidaransvar i møte med dagens klima- og miljøutfordringar i Kyrkja si forkynning, undervisning og kommunikasjon. Du ser at dette ikkje er partipolitikk? Det er langt større enn det, spør du meg.

■ Kyrkja lever i verda. Kyrkja stiller krav til seg sjølv om ta del i arbeidet med å kutta i eigne utslepp og miljøbelastning. Klimautslepp frå eiga reiseverksemd skal kuttast med 60 prosent innan 2030. Berekraft og utsleppsreaksjonar i forvaltning av kyrkjebygg skal prioriterast – likeeins skal klimafotavtrykk vektleggjast når nye kyrkjebygg skal byggjast. Kyrkja vil stilla strenge krav om rettferdig handel og berekraft ved innkjøp, investeringar og kapitalforvaltning. Vi skal utvikla ein arbeidsgjevarpolitikk som fremjar berekraft og bruka eigen kapital til å fremja berekraft. Den norske kyrkja skal vera klimanøytral frå 2030 ved at verksemda kompenserer for klimautsleppa sine. Dette er somme av tiltaka som er heilt sylferske.

■ Kyrkja vil påverka politikk og handlingsmønster mellom anna ved å vera ei tydelegare røyst i samfunnsdebatten. Den norske Kyrkja vil vera ein pådrivar for at det norske samfunnet fylgjer forskingsbaserte råd frå FN og IEA (Det internasjonale energibyrået) – for slik å kunna oppfylla dei forpliktelsane som ligg i Parisavtalen og berekraftsmåla.

■ Kyrkjemøtet ber den norske regjeringa lytta til tilrådinga frå IEA sin rapport «NetZero by 2050 A Roadmap for the Global Energy Sector» frå mai 2021 om å stogga ytterlegare leiteaktivitet etter olje og gass på norsk sokkel. Ser du at dette ikkje er partipolitikk, men noko langt meir overordna? Kyrkjemøtet er sams om dette. Kyrkjemøtet understrekar at urfolk sine kunnskapar og erfaringar om berekraftig bruk av naturen må vera med i arbeidet med å laga meir himmel på ei sårbar jord. Samerepresentantane i Kyrkjemøtet minte oss sterkt på dette. Vi må vera særleg merksame på at arbeidet med det grøne skiftet ikkje uforholdsmessig grip inn i og rammar samar og andre urfolk sitt livsgrunnlag.

■ Kyrkja må styrkja medvitet om at det grøne skiftet ikkje skal bidra til auka sosiale og økonomiske skilnader i samfunnet vårt. Det seier Kyrkjemøtet. Det handlar også om å skapa meir himmel på ei truga jord. Dei mest sårbare menneska skal altså ikkje betala den høgaste prisen for det som må bli tøffe tiltak for å berga klimaet og kloten. Det må vi berre få til, vi som forvaltar og er ein del av Skaparverket. Som kyrkje skal vi ikkje vera del av partipolitisk kjekling. Den slags lekkjer, band og tvang kan ikkje Kyrkja la seg avgrensa av.

■ Eg reiser heimatt frå Kyrkjemøtet med frimod og nye krefter, også til å kjempa for meir himmel på ei truga jord.



**PROTEST:** *Unge aksjonistar protesterer under toppmøtet om klima i Glasgow nyleg. Kyrkjemøtet er og oppteken av klima. Og eit nytt omgrep, «klimasorg» er no ein del av ordforrådet vårt.* FOTO: ALBERTO PEZZALI, AP



***SENTRUMSTRIKK?*** *Heller enn å bygge bybane gjennom swntrum kan bykjernen betjenes av trikkelinjer, mener artikkelforfatteren. FOTO: BA ARKIv*

## Sentrumstrikken kan løse bybaneflokene

INNLEGG

**Øyvind Steier**
Bergenser, Sentrum

■ Det nærmer seg dagen da bybanens videre skjebne mot Åsane skal behandles i bystyret. Flertallet i både befolkning og bystyre ønsker egentlig å legge bybanen i tunnel gjennom sentrum. Kommunenes fagetat og de fleste andre faginstanser anbefaler en dagløsning langs Bryggen. Begge løsningene vil ha store negative virkninger og utgjøre risiko for verdensarven Bryggen. Det viser Konsekvensutredningen for verdensarven, KUVA-rapporten. Også det siste forslaget om å bruke eksisterende jernbanetunnel legger opp til underjordisk stopp med tilkomstvei gjennom arkeologiske kulturlag ved Øvregaten. Alle synes å være enige om at Bryggen må bevares.Ingen av løsningene ser ut til å å ivareta nettopp dette.

■ Så hva gjør man når likningen ikke går opp? Man kan tenke nytt og endre på premissene. Et av premissene for tunnelalternativer er et stopp i fjell bak Øvregaten. Bybanen har en overordnent målsetting om tilgjengelighet og betjening av sentrum. Samtidig gir dette stoppet svære utfordringer for Bryggen. Et annet premiss er at det kun er Bybanen i sin nåværende form som kan løse transportutfordringene.

■ En radikal løsning kan være å lage en tunnelløsning med ett sentralt stopp, helst underjordisk, men ta bort stoppet i fjell bak Øvregaten. Videre kan man gjenetablere en moderne versjon av Sentrumstrikken til å betjene byens historiske sentrum. Trikk har en helt annen karakter; den er lettere, kortere, har bedre svingradius, kan håndtere brattere bakker, og kan lettere sameksistere med annen trafikk. Den er med andre ord perfekt for det historiske Bergen sentrum.

■ Den har vært her før, og Bergen Elektiske Sporvei har gjennom museumstrikken fra Møhlenpris til Museplass (og snart Engen) vist at det er mulig. Den er også langt rimeligere å bygge per meter enn bybanelinjene. Sentrumstrikken vil kunne gi liv i sentrum, og fremstå i en mer menneskevennlig skala tilpasset de trange sentrumsgatene. Man kan etablere trikkelinjer med lett overgang fra et sentralt Bybanestopp, over Torget, gjennom Øvregaten til Indre Sandviken, og på den måten sørge for en enda bedre betjening enn de foreslåtte Bybaneløsningene. Videre kan man lage en linje gjennom Strandgaten ut mot Nordnes, samt videreutvikle museumslinjen til Møhlenpris, og eventuelt til den nye bydelen på Dokken. På denne måten vil man både sørge for betjening av hele sentrum, samtidig som man vil gi nytt sårt tiltrengt liv til byen.

■ Hvis man i tillegg klarer å bygge parkeringsanlegg i fjellhaller i utkantene av sentrumskjernen, kan man faktisk realisere et bilfritt Bergen sentrum. Sentrumstrikken vil være et supplement til Bybanen. Verdensarven Bryggen vil skånes. Bybanen vil fortsatt være hovedpulsåren i byens kollektivnett, mens Sentrumstrikken vil representere kransarteriene i byens pumpende hjerte.

STATSMINISTEREN




PIDDIEN

*Koronasmitterekord i Bergen. – Nå må de være raske på labben.*



BLI MED I DEBATTEN

Send innlegg til debatt@ba.no. Håndskrevne innlegg sendes til BA-debatt, postboks 824 Sentrum, 5807 Bergen.
Lengde: 2000 tegn for innlegg, 4500 tegn for hovedinnlegg.
Innlegg underskrevet med fullt navn blir prioritert. Det kreves også fullt navn for å få publisert kritikk mot navngitte personer.
Navn og adresse må følge alle innlegg, også når navnet ikke skal i avisen.
Innlegg blir også brukt på ba.no.
Innlegg blir redigert etter god presseskikk, og kan bli kuttet hvis de er for lange.

BA BERGENSAVISEN